

## Sognarådet interkommunalt politisk råd

### Møteprotokoll

**Organ:** Arbeidsutvalet  
**Møtestad:** Quality Hotel Sogndal  
**Dato:** 30.-31. oktober 2023  
**Tidspunkt:** 30.10 kl 15-31.10.kl 14

#### Faste medlemmer som møtte

Namn	Funksjon	Kommune
Roy Egil Stadheim	ordfører	Vik kommune
Stig Ove Ølmheim	ordfører	Sogndal kommune
Kjell Bøe Bjørgum	ordfører	Aurland kommune
Andreas Wollnick Wiese	ordfører	Luster kommune
Audun Mo	ordfører	Lærdal kommune
Christian Sønstlien	ordfører	Årdal kommune

#### Frå administrasjonen:

##### Namn

Karina Nerland dagleg leiar

#### Rådmannsgruppa:

Jarle Skartun, rådmann Luster kommune  
Gunn Lerøy, kommunedirektør Lærdal kommune  
Tor Einar Skinlo, kommunedirektør Sogndal kommune  
Geir Svendsen, konstituert rådmann Vik kommune  
Stig Stark-Johansen, kommunedirektør Årdal kommune

#### Andre:

Tommy Aarethun, kommunikasjonssjef, Initiativ Vest  
Ingrid Steine Bortne, programleiar System for styrka læring

- Oppmøte  
Aurland kommune vel representant til arbeidsutvalet 2. november
- Innkalling, dagsorden og sakliste vart godkjent
- Protokoll frå møtet 28.-29 august 2023 vart godkjent utan merknader
- Stig Ove Ølmheim og Christian Sønstlien vart valde til å godkjenna og signera protokoll frå dagens møte.

## Sakliste

---

- PS 31/2023 Auka løyving til prosjektet Masterplan for reisemålet Sogn
  - PS 32/2023 Overføring av oppgåver til Sogn kommunalt oppgåvefelleskap
  - PS 33/2023 Budsjett 2024 for Sognarådet
  - PS 34/2023 Val av representantar til arbeidsgrupper i Sognarådet
  - PS 35/2023 Val av representant og vararepresentant til Klimaråd Vestland
  - PS 36/2023 Val av representant og vararepresentant til styringsgruppa for masterplan
  - PS 37/2023 Orienteringssaker
-

## **PS 31/2023 Auka løyving til prosjektet Masterplan for reisemålet Sogn**

**Arbeidsutvalet si handsaming av sak 31/2023 i møte den 31. oktober 2023:**

### **Handsaming**

Visit Sognefjord vert invitert til neste møte for å orientera om masterplanen – visjon, mål og konkrete tiltak og prioriteringar i handlingsprogrammet.

### **Vedtak**

Sognarådet interkommunalt politisk råd løyver årleg kr 100 000 for 2023-2025 til gjennomføring av hovudprosjektet *Masterplan for reisemålet Sogn fase 3 frå ord til handling*. Løyvinga kjem i tillegg til tidlegare vedtak om årleg løyvinga kr 275 000 for 2023-2025. Beløpet blir KPI-justert for andre og tredje prosjektår.

Løyvinga vert finansiert av kontingentmidlar / fondsmidlar div. prosjekt.

---

## **PS 32/2023 Overføring av oppgåver til Sogn kommunalt oppgåvefelleskap**

**Arbeidsutvalet si handsaming av sak 32/2023 i møte den 31. oktober 2023:**

### **Handsaming**

**Frå dagleg leiar låg det føre slik tilråding:**

**Arbeidsutvalet rår representantskapet i Sognarådet interkommunalt politisk råd til å gjera slikt vedtak:**

1. Sognarådet overfører/vidarefører følgjande vedtekne samarbeidsprosjekt og programområde til Sogn kommunalt oppgåvefelleskap: System for styrka læring, Sogn for alle, GIS-samarbeidet, helse, rekruttering, vaksenopplæring og rådmannsgruppa.
2. Overføringa skal gjennomførast med grunnlag i vedtaka i Sogn regionråd for det enkelte prosjekt/programområde og dei føringar og vilkår som ligg til grunn for dei statlege og fylkeskommunale tilskota.
3. Prosjekta og programområda skal gjennomførast i samsvar med dei budsjettamma for 2024 som vart vedteke i Sogn regionråd 16.6.2023.
4. Overføringa vert gjort gjeldande frå 1.1.2024 evt. frå det tidspunkt Sogn KO vert etablert.

## **Vedtak**

**Arbeidsutvalet rår representantskapet i Sognrådet interkommunalt politisk råd til å gjera slikt vedtak:**

1. Sognrådet overfører/vidarefører følgjande vedtekne samarbeidsprosjekt og programområde til Sogn kommunalt oppgåvefelleskap: System for styrka læring, Sogn for alle, GIS-samarbeidet, helse, rekruttering, vaksenopplæring og rådmannsgruppa.
2. Overføringa skal gjennomførast med grunnlag i vedtaka i Sogn regionråd for det enkelte prosjekt/programområde og dei føringar og vilkår som ligg til grunn for dei statlege og fylkeskommunale tilskota.
3. Prosjekta og programområda skal gjennomførast i samsvar med dei budsjettramma for 2024 som vart vedteke i Sogn regionråd 16.6.2023.
4. Overføringa vert gjort gjeldande frå 1.1.2024 evt. frå det tidspunkt Sogn KO vert etablert.

## **PS 33/2023 Budsjett 2024 for Sognrådet**

**Arbeidsutvalet si handsaming av sak 33/2023 i møte den 31. oktober 2023:**

### **Handsaming**

**Frå dagleg leiar låg det føre slik tilråding:**

**Arbeidsutvalet rår representantskapet i Sognrådet interkommunalt politisk råd til å gjera slikt vedtak:**

Budsjett 2024 for Sognrådet interkommunalt politisk råd vert vedteke som ei vidareføring av budsjettramma som Sogn regionråd vedtok 16.6.2023. Ramma vert likevel justert med dei endringane som følgjer av vedtaket i AU-sak 32/23 Overføring av oppgåver til Sogn KO.

### **Vedtak**

Arbeidsutvalet rår representantskapet i Sognrådet interkommunalt politisk råd til å gjera slikt vedtak:

Budsjett 2024 for Sognrådet interkommunalt politisk råd vert vedteke som ei vidareføring av budsjettramma som Sogn regionråd vedtok 16.6.2023. Ramma vert likevel justert med dei endringane som følgjer av vedtaket i AU-sak 32/23 Overføring av oppgåver til Sogn KO.

## **PS 34/2023 Val av representantar til arbeidsgrupper i Sognarådet**

**Arbeidsutvalet si handsaming av sak 34/2023 i møte den 31. oktober 2023:**

### **Handsaming**

Det kom framlegg om å etablere samferdslegruppe med desse representantane: Roy Egil Stadheim, Audun Mo og Andreas Wollnick Wiese.

Etablering av andre grupper vil arbeidsutvalet vurdera seinare.

### **Vedtak**

Sognarådet interkommunalt politisk råd opprettar følgjande arbeidsgruppe(r) og vel følgjande representantar i arbeidsgruppa:

Arbeidsgruppe: Samferdslegruppa

1. Roy Egil Stadheim
2. Audun Moe
3. Andreas Wollnick Wiese

## **PS 35/2023 Val av representant og vararepresentant til Klimaråd Vestland**

**Arbeidsutvalet si handsaming av sak 35/2023 i møte den 31. oktober 2023:**

### **Handsaming**

Det kom framlegg om at Kjell Bøe Bjørgum vert vald til representant og Andreas Wollnick Wiese til vararepresentant.

### **Vedtak**

Sognarådet interkommunalt politisk råd vel følgjande representant og vararepresentant til Klimaråd Vestland for perioden 2023-2027:

1. Kjell Bøe Bjørgum vert vald til representant
2. Andreas Wollnick Wiese vert vald til vararepresentant

# PS 36/2023 Val av representant og vararepresentant til styringsgruppe for masterplan

Arbeidsutvalet si handsaming av sak 36/2023 i møte den 31. oktober 2023:

## Handsaming

Det kom framlegg om at Andreas Wollnick Wiese vert vald til representant og Roy Egil Stadheim til vararepresentant.

## Vedtak:

Sognarådet interkommunalt politisk råd vel følgjande representant og vararepresentant til styringsgruppe for masterplan perioden 2023-2027:

1. Andreas Wollnick Wiese vert vald til representant
2. Roy Egil Stadheim vert vald til vararepresentant

## Orienteringssaker

### Handsaming

### Orienteringar og drøftingar

*30. oktober*

1. Om Sognarådet og regionalplan for Sogn v/ dagleg leiar Karina Nerland. Presentasjonen ligg ved.
2. Korleis løfte regionalt samarbeid? v/ Tommy Aarethun, kommunikasjonssjef Initiativ Vest. Fortalde om funn og anbefalingar til råda sitt arbeid og utfordra ordførarane til diskusjon om samarbeidsområde og korleis samarbeide. Presentasjonen ligg ved.

*31. oktober*

1. Leiar
2. Innspel frå medlemmane
  - a. Det bør utarbeidast eit årshjul for rådet sitt arbeid
3. Forhandlingsnemnda for Lærdalstunnelen
  - a. Møte med statsråd og stortingsbenken – notat og lesarinnlegg er utarbeidd
4. Rådmannsgruppa
  - a. Innspel til Stortingsmelding om flaum og skred - frist 3.11.2023.
  - b. Status og vegen vidare for Sogn KO v/ Stig Stark-Johansen. Aktuelle tema for samarbeid: Kulturskule, innkjøp, barnevern, kommuneadvokat og plan. Presentasjonen ligg ved.
5. Dagleg leiar
  - a. Møte i Sognatinget for å handsama budsjettet 2024 før årsskiftet – 4.12.2023 (digitalt)
  - b. Løyvd tilskot til fase 0 i prosjektet mat- og drikkeambassadør i Sogn

- c. Møte i Sognatinget 30. januar 2024: Arbeidsgruppa er i gang med planlegginga av møtet. Innspel om bygdevekst som tema.
6. System for styrka læring – regionalt barnehage- og skuleutviklingsprogram v/ programleiar Ingrid Steine Bortne. Presentasjonen ligg ved.

#### **Skriv og meldingar**

1. Søknad om tilskot til mat- og drikkeambassadør – svar til Sogn næring
2. Møteterferat Kompetanseforum Sogn 20.9.2023
3. Tema til drøfting i møte med Samferdselsdepartementet og Statens vegvesen 12.10.2023

#### **Vedtak**

Orienteringar, skriv og meldingar vert tekne til vitande.